



Dåpsgudsteneste under pandemien

ÅRSMELDING MELAND SOKN 2020

Innhald

Innleiing	3
Soknerådet	3
Møter og sakshandsaming	4
Underutval	4
Tilsette og stillingar	5
Bygg og anlegg	5
Nytt lydanlegg	6
Planlegging av ny kyrkjegardsutviding	6
Planlegging av ny kyrkje på Frekhaug	6
Økonomi	6
Driftsinntekter	7
Driftsutgifter	8
Investeringar	8
Statistikk	8
Kommentar statistikk, gudstenester og korona	9
Kyrkjelydsarbeidet og trusopplæringstiltak	12
Enkelttiltak - trusopplæring	12
Varmare kyrkje	13
Misjonsprosjekt	13
Besøk i barnehagane	14
Husgruppene	14
Konfirmantar	14
Fasteaksjonen	15
Babysong/småbornstreff	16
HipHop-kurs for barn	16
Onsdagsklubben	16
Yngres	17
Tenklubben	17
Leiartrening og Halloween for ungdom	18
Diakoni	18
Open Møteplass	18
Rosetenesta	18
Språkkafé	18
Besøkstenesta	19
Turgruppa	19
Musikklivet i kyrkjelyden	19

Innleiing

Året 2020 med sine utfordringar har vist oss kor viktig kyrkjelyden er for oss. Det er på sin plass å skryte over dei tilsette i Meland kyrkje som har stått på for å samle kyrkjelyden på alternative måtar. Gjennom digitale gudstenester for både vaksne og born, kalenderlucker i advent, bilrebusar, akegudsteneste (over nyåret 2021), nattverdsgudsteneste og mykje meir har prestane og resten av staben lagt ned mykje arbeid for å gi oss ulike måter å møtast på. I tillegg har dei gjennomført mange dåpsgudstenester, konfirmasjonsgudstenester og gudstenester med dei rammene smittevernreglane har gitt rom for. Gjennom dette har og dei frivillige i kyrkjelyden fått vore aktiv som medarbeidarar på ulike måtar. Løvegjengen har fått ei ny "hole" som vart opna på ei eiga løvegjengsamling i 2021. Det er mange som har utført



Utandørs bønnevandring med god avstand, spesialprest Håkon Kinsarvik (nærast i bilete) og diakon Ruben Sæle

mange timar med dugnad for å få dette til. Gjennom alt som har skjedd i kyrkjelyden vår, både det som er synleg for mange, og arbeidet og møta mellom menneske som er mindre synleg for alle, ser vi at arbeidet som vert gjort i kyrkjelyden vår er viktig for mange menneske. Med dette som utgangspunkt er det viktig at vi framleis oppmuntrar kvarandre til å stå på, og brukar nye og gamle erfaringar til å gi menneska i kyrkjelyden gode møteplassar til møte både med Gud og medmenneske. Det er viktig at

vi i eit tid der mange har vore mindre aktive oppmuntrar til engasjement og frivillig arbeid slik at vi har nok ressursar når samfunnet opnar meir opp og kjem tilbake normalen.

Soknerådet

Meland sokneråd har vore samansett slik i 2020:

Regine Sagstad Berg (leiar)

- Bertine Wiig Sulebakk (nestleiar)
- Erlend Åsebø
- Kristin Brakstad Traa
- Astrid Anne Fjeldstad
- Bent Gunnar Næss
- Bjørn Tore Sæle (sokneprest)

Vara:

- Maria Christine Sæle
- Aslaug Aalen
- Per Audun Heskestad
- Andreas Sagstad Berg
- Aslaug Cecilie Sæle Miljeteig

Bent Gunnar Næss er vald som Meland sokneråd sin representant til Alver kyrkjelege fellesråd. Anne Sofie N. Uthaug er sekretær for soknerådet og er med i arbeidsutvalet (AU).

Regine Sagstad Berg søkte i desember permisjon for 2021 og fekk dette innvilga, Kristin Brakstad Traa vart vald til ny leiar.

Møter og sakshandsaming

Det vart gjort 37 vedtak i 2020. Årsmøte skulle vore gjennomført på våren, men vart utsett på grunn av dei strenge tiltaka. Det vart gjennomført på Frekhaug bedehus 01.10.20.

Viktigaste saksområde

- Samanslåing i Alver kyrkjelege fellesråd

Frå 01.01.2020 vart Radøy, Lindås og Meland samanslått til ein kommune, med den følgja at tre fellesråd vart samanslått til eitt. Samstundes slo Lygra, Seim og Alversund sokn seg saman til Knarvik sokn og Lindås, Hundvin og Myking til Lindås sokn. Dermed vart det 5 sokn til saman i det nye fellesrådet: Meland, Knarvik, Lindås, Radøy og Osterfjorden.

Folket i Meland kyrkjelyd merkar ikkje så mykje til endringane, sidan kyrkjekontoret er som før, gudstenestemønsteret er som før og aktiviteten elles er ikkje endra. Soknerådet har fått eit meir avgrensa arbeidsfelt, sidan personal og arbeidsgjevaransvaret er overført til fellesrådet, forvaltninga av bygningane og kyrkjegard er også overført til fellesrådet. No kan soknerådet konsentrere seg meir om det kyrkjebyggande ansvaret.

- Korona med digital omstilling og andre tiltak.

Vi arbeider etter visjonen Nær Gud – nær menneske og verdiane engasjert, mangfaldig og inviterande kvar dags kyrkje – og dette har verkeleg fått utfordra oss som kyrkjelyd i 2020. Gjennom stor velvilje og innsats frå stab og frivillige har vi mellom anna hatt fleire gudstenester for å få plass til alle, spelt inn digitale gudstenester og songandaktar, gått i oppmuntringstog på Frekhaug, hatt bibelgrupper og soknerådsmøter på video.

Verdiar og retning for kyrkjelyden

Kyrkjelyden har framleis avtale med Naturlig menighetsutvikling (NAMU)-rettleiar Karen Sofie Romarheim Aasmyr.

Underutval

- Barne- og ungdomsutvalet har ikkje vore i funksjon i 2020.
- Misjonsutvalet: hadde eit møte i 2020 og eit møte med soknerådet der nye medlemmer vart valt
- Kyrkjeutvalet: har ikkje hatt møter i 2020. Vart avløyst av prosjektgruppe utnemnd av fellesrådet hausten 2020.
- Kontakt (kyrkjebladet): Har stått utan lokal redaksjon i lengre tid. Vibeke Bjørndal Midtun var leigd inn ein periode for å gjere redaksjonsarbeid, deretter tok dagleg leiar Anne Sofie Uthaug over. På slutten av året var det ein liten aksjon på Facebook for å få inn folk til redaksjonen og resultatet vart at Kristin Blindheim Brakstad og Solveig Westermoen meldte seg til teneste. Det er minst ein person frå lokal redaksjon som også møte i fellesredaksjonen. Aslaug Aalen møter i styret for det felles kyrkjebladet.

Tilsette og stillingar

Prestane er tilsett i bispedømet og har prosten som næraste leiar. Dei andre tilsette vart frå 01.01.2020 overført til Alver kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar og har dagleg leiar som næraste leiar.

Namn	Stilling	Stillingsprosent	Kommentar
Bjørn Tore Sæle	Sokneprest	100%	
Håkon Kinsarvik	Spesialprest	100%	30% av lønnskostnadane vert dekkja av Meland kyrkjelyd
Anne Sofie Nergård Uthaug	Dagleg leiar	100%	Frå 01.01 også i Osterfjorden sokn i omlag 20% og saksbehandlar i fellesrådet.
Junji Furukawa	Kyrkjetenar	50%	Pensjonist frå februar 2021
Linda Gripsgård Lunga	Konsulent	100%	Frå 01.01 auka til fast full stilling, med arbeidsplass i Lindås sokn i omlag 40%
Trond Fykse	Kyrkjelydsmusikar	100%	
Ruben Sæle	Diakon	100%	Bispedømet dekker 200.000 av diakonlønna.
Anne Marit Fosse Dahle	Kyrkjelydspedagog	100%	

Bygg og anlegg

Ingen store endringar vart gjort på Meland kyrkje i 2020 på fellesrådet si rekning, men varmeanleggsøknaden måtte sendast på nytt og resultatet vart eit enklare og billigare anlegg utan varmpumper. Dei avsette midlane kan brukast til varmeanlegg og andre presserande vedlikehaldskostnader i 2021. Det er planar om etterisolering, utvendig maling av heile kyrkja, skifte av kledning der det er behov og reparasjon av vindauge, sliping og lakking av golvet i kyrkerommet med meir.

Det vart skifta skinn og stopp på altarringen på forsommaren, og arbeidet vart utført av Salmaker Maren – eit lokalt nystarta einmannsfirm. Soknerådet tok denne kostnaden på kr 20 984.

Dugnaden på brakkebygget som skal bli ny Løvehole mellom anna, kom i gang på nyåret 2020. Men så kom covid 19 og sette det meste på vent. Bygget stod ferdig til bruk i 2020,

men Løvegjengen fekk verken opna det eller teke det i bruk det året. Utgiftene til brakka kom på kr 240 039 (eks mva) 2020.

Nytt lydanlegg

Det etterlengta nye lydanlegget i Meland kyrkje vart montert på forsommaren og gir no mykje betre lyd og enklare styring for brukarane. Anlegget erstattar også alt ekstra utstyr som vart rigga opp for t.d. Søndagsåpent, og fungerer som eit fullverdig anlegg for 6 solistar, band, lyd frå PC og mobil (t.d. i gravferd) og kombinasjonen skjerm / lyd m.m, alt styrt frå eit nettbrett. Bright Group monterte det og den samla kostnaden vart på kr 254 853 (eks mva) som soknerådet betalte .

Planlegging av ny kyrkjegardsutviding

Reguleringsplanen for den nye kyrkjegardsutvidinga stoppa meir eller mindre opp pga motsegn frå fylkeskommunen og vegvesenet mot den nye vegen frå Bjørnestad utanom kyrkjetunet. Prosessen går vidare i 2020.

Planlegging av ny kyrkje på Frekhaug

I samband med overgangen til Alver er det no etablert ei ny arbeidsgruppe, og det har vore nokre korte samrådsmøte innad i rådet og opp mot personar som sit sentralt i arbeidet med nye kommuneplanar. Her har fokus vore å sjå etter mogleg plassering av ny kyrkje. Det har også vore arbeid opp mot kommunebudsjettet for 2021 i samband med avsette pengar til tomtekjøp. Intensjonsavtalen som vart vedteken i Meland kommunestyre, er fortsatt gjeldande i Alver.


Økonomi

Den viktigaste endringa som syner tydeleg att i årsrekneskapen er overgangen frå å ha ansvar som fellesråd til å vere eitt av fleire sokn i Alver fellesråd. Det er difor ikkje samanliknbare tal mellom 2019 og 2020 på dei fleste område.


Ved avslutning av årsrekneskapen for 2019 vedtok soknerådet å setje av mesteparten av disposisjonsfondet til eit bunde fond for ny kyrkje på Frekhaug. Det fondet, som no står i Alver kyrkjelege fellesråd sin balanse, vart tilført kr 1 866 903. Det vart også sett av pengar til lydanlegg i Meland kyrkje på kr 280 000 og brakkebygget/ny Løvehola på 150 000 og eit disposisjonsfond for Meland sokn på kr 500 000.

Årsreknesskapen for 2020 fekk eit resultat på kr 66 543 i meirforbruk (underskot). Det skuldast i hovudsak nedgang i inntekter, dels pga manglande fakturering av konfirmantar hausten 2020, men også nedgang i aktivitetsbaserte inntekter pga nedstenginga, offerinntekter og gjevartenesta.

Driftsinntekter



Den st rste inntektskjelda for sokner adet sin  konomi er innsamla midlar og g aver, p  tilsaman 709 945. Desse fordeler seg som vist i figuren under.



Diverse tilskot var spesielt stor i 2019 (sjå årsmeldinga), nivået i 2020 er meir som forventa med kulturtilskot, OVF-midlar og K-stud-midlar til husgruppene.

I desember 2020 vart det starta ein digital spleis for å betre økonomien for kyrkjebladet Kontakt. Det kom inn 7650kr fordelt på 28 gjevarar og dette viser igjen på eit godt resultat.

Gjevartenesta var som året før, men det var budsjettert med ein god auke pga offensiv som ein forventa betre resultat av, denne slo ikkje til.


Innsamla midlar er fasteaksjonen, som frå 2020 vart heildigital og resultatet kom ikkje innom soknerådet sin rekneskap. Sjå ellers eige punkt om fasteaksjonen.

Offer til andre og eige arbeid viser ein klar nedgang, og her må nok pandemien ta skulda, sidan det var gjennomført mykje færre gudstenester og det ikkje var lov å ta inn kontantar i periodar. Digital innsamling utan verken mobildekning eller god nok wifi var vanskeleg. Kortbetaling var også vanskeleg pga smittevernet.

Driftsutgifter

Lønnsrefusjon til bispedømet og fellesrådet utgjer den klart største utgiftsposten med kr 526 000.

Kjøp av varer og tenester var litt under budsjett pga mindre aktivitet enn rekna med.



Investeringar

Som nemnt under bygg og anlegg var dei største investeringane i 2020 i nytt lydanlegg og brakkebygget som blir nye Løvehola.

Statistikk

Kva	2019	2020
Tal på gudstenester søndag og helligdagar	59	48
Frammøtte på gudstenester søndagar og helligdagar	7632	3809
Snitt frammøtte på søndagar og helligdagar	129	79
Totalt tal gudstenester i Meland	78	83
Gjennomsnitt oppmøtte alle gudstenester	136	68
Digitale sendingar (gudstenester og anna)	-	48

Tal totalt til nattverd	3905	2123
Tal på gudstenester med nattverd	54	38
Snitt nattverddeltakarar pr. Nattverdgdusteneste	72	56
Utmeldingar	42	21
Innmeldingar	3	7
Dåp	55	61
Konfirmerte: 61 av totalt årskull 78 (født i 2004, busett i Meland, register i Kardinal)	61	66
Vigsel	8	8
Gravferder	45	32
Søndagsskule/Løvegjengen*	80	45
Institusjonsandakter	46	15
Husgrupper	10	10

Kommentar statistikk, gudstenester og korona

2020 er eit år det er vanskeleg å samanlikne med åra før når det gjeld statistikk. Mykje av året vart underlagt strenge restriksjonar, delar av året var all aktivitet stengt ned, som i det



meste av barne- og ungdomsarbeidet, og i kyrkjene kunne vi i lange periodar berre vere 10 eller 50. Dette speglar seg naturleg nok i statistikken i totalt tal på framømte til gudstenester. Likevel kan ein trekke nokre liner gjennom tala som viser at året ikkje har vore "heilsvalt":



Kulepennar i karantene, kyrkje-is utandørs og strenge tiltak for kvar ein kunne sitje

1) For det første kan ein sjå på totalt tal på fysiske gudstenester: 83 i 2020 mot 78 i 2019, altså 5 fleire. Trass i fleire periodar med full nedstenging er altså talet høgare. Dette har tre grunnar: Det har vore halde ei lang rekke eigne dåpsgudstenester, på nokre dagar har det vore langt fleire gudstenester enn vanleg (konfirmasjon, jul m.fl.), og i Meland har ein trass alt forsøkt å nytte

dei opningane som har vore for å halde ordinære gudstenester. Snitt pr. gudsteneste er naturleg nok lågare, men trass krisa har mykje positivt skjedd.

2) For det andre kan ein sjå på det som har skjedd på nett: 48 digitale sendingar alt i alt i 2020. Det er nesten eit snitt på ei i veka, mot så å seie ingenting i 2019. Dette vart altså ei bratt læringskurve, og tidkrevjande arbeid, men Meland var likevel på nett allereie søndag 15. mars. Utover året bestod dei digitale sendingane av alt frå fullverdige gudstenester, kortare andaktar, helsingar og samtalar, til konfirmantinnslag, musikkandakt, julekonsert, digitalt ungdomsmøte, samt serien i adventstida med 24 ulike personar som delte ein bit trushistorie. Slår ein saman desse 48 sendingane med 83 fysiske gudstenester, var altså total "produksjon" langt høgare enn i 2019. Det positive er dessutan at sjåartala har vore veldig høge, ikkje berre som "klikk" i 2-3 sekunder, men statistikken t.d. på YouTube viser at mange har fått med seg heile eller store delar av sendingane, sjølv om ein etter kvart merka at interessa for det digitale minka.



Sokneprest Bjørn Tore Sæle på skjermen og kyrkjekaffien måtte ein stå for sjølv.

3) For det tredje kan ein sjå på det som ikkje har vore gudstenester, men andre tiltak for å gjere noko positivt i ei vanskeleg tid. Av dei mange digitale sendingane var det 9 Løvegjeng-innslag, til glede for mange barn. Det var ei oppmuntringsvandring i påska, utandørs bønevandring og mini-lysmesser for konfirmantar, for å nemne noko.



Jan Rantrud i den digitale adventskalenderen

4) For det fjerde må ein ta med at ting som påmelding til gudstenester via nett, frykt for smitte og stadige endringar i opplegg og tidspunkt har gjort at mange truleg har vore usikre på om dei skulle møte eller ikkje. Eit år utan all denne uroen ville truleg ha gjort vegen til kyrkje lettare for mange.

5) For det femte kan ein peike på at ein i delar av året gjennomførte eit meir ordinært program (tidleg på året + sommaren / tidleg haust), men med begrensa plass i kyrkja. Askeonsdag, Tårnagent, to Løvegjeng-gudstenester, Søndagsåpent, ulike konfirmant-gudstenester (presentasjon, samtale), kveldsgudstenester, oppstartgudsteneste m.fl.

6) Og til sist: Talet både på konfirmantar og døypte har gått opp i dette unntaksåret. Det betyr noko for kyrkja si framtid, at ein held på kontakten med det breie laget av folkekyrkja også i ei krise. Også andre delar av kyrkjelivet har vore relativt normalt, som sjelesorg og samtalar, gravferder m.m.

Alt i alt: Ingen ønskjer seg eit slikt år om att, men bak nokre av tala (som fram møtte i gudstenester) skjuler det seg mykje positiv aktivitet som gjer at ein kan sjå framover med frimod.



Friluftsgudsteneste på Håøytoppen Kristi himmelfartsdag

Kyrkjelydsarbeidet og trusopplæringstiltak

Aktivitet/Frivillig arbeid	Leiar	Informasjon
Språkkafe/norsk kurs	Brit Torun Hitland	7 frivillige medarbeidarar
Open Møteplass	Astrid Anne Fjeldstad, Åshild B. Furukawa. Solbjørg Å. Sandvik	14 frivillige medarbeidararar i tillegg til leiarane
Husgruppene	Bjørn Tore Sæle	
Roseprosjektet	Hilda Austegard	20 frivillige deler ut roser til jubilarar.
Besøkstenesta	Ruben Sæle	Samarbeid med Røde kors
Seniors	Victor Bakke	Samarbeid
Småbarntreff/Babysang	Anne Marit F. Dahle	Helga Stokke medarbeidar
Løvegjengen	Håkon Ø Kinsarvik	
Møteplass Ungdom/Ungkyrkja		Kom ikkje igang i 2020
Leiartrening	Håkon Ø Kinsarvik	
Yngres (Samarbeid)	Kari Erikstein	Treng ny leiar i 2021
Gudstenestelaga	Bjørn Tore Sæle	6 leiarar
Tenklubben	Ruben Sæle og Nils Fredrik Rifsgård	Ungdomsklubb på Frekhaug bedehus. Samarbeid med Frekhaug indremisjon.
Onsdagsklubben	Øystein Aamli og Ruben Sæle	Ute-søndagsskule i Mjåtveitmarka

Enkelttiltak - trusopplæring

Tabell 2 - Oppmøtetotal på enkelttiltak

Kva	Deltakarar 2020	Deltakarar 2019
Lys Vaken	Avlyst pga. korona	10
Tårnagent	19	16
Ranselbøn	7	5
4-årsbok	31	36



Varmare kyrkje

I perioden 3. juni – 29. september gjennomførte kyrkjelyden kurset «Varmare kyrkje».

Målet med kurset var å bidra til ei varmare kyrkje og ein meir inkluderande kyrkjekaffi. Alle i kyrkjelyden var invitert, men spesielt husgruppene, gudstjenestelaga, soknerådet og tilsette vart utfordra til å delta. Kurshaldar Marianne Magnussen underviste om tema knytt inkludering, utanforskap, introvert kultur og teknikkar for meistring av sosiale situasjonar, i kombinasjon med praktisk øving. Totalt 29 personar deltok på heile eller delar av kurset.



Misjonsprosjekt

Det var ingen ekstra tiltak for misjonsprosjektet i 2020 utanom misjonsoffer.



Dokketeatertruppen klar for forestilling

Besøk i barnehagane

I adventstida måtte julevandringane for barnehagebarn gå ut. Istaden for vart det tilbydd besøk med dokketeater i barnehagane. Nokre av dei næraste barnehagane fekk kome til Møteplassen.

Husgruppene

Det er ca. 10 husgrupper med tilknytning til Meland sokn, og fleirtalet av desse har hatt samlingar i 2020. I periodane med nedstenging hadde nokre grupper digitale møter eller samlingar ute, mens i andre periodar hadde dei fleste gruppene ordinære samlingar. Såpass god aktivitet trass alt kan tyde på at det å høyre til i og kunne samle seg i små fellesskap kanskje har vore ekstra viktig dette året.

Konfirmantar

Dette året har vi hatt eit fint konfirmantkull på 66 konfirmantar. Året starta bra, med lysmesse, undervisning og leir, før alt stengte ned i mars. Då blei undervisninga erstatta med eit digitalt undervisningsopplegg frå sjømannskirka. Opplegget var greit, men vi merka at det å møte konfirmantane, og ha vanleg undervisning, har mykje å seie for både læringsmiljø og felleskap.

Nytt for konfirmantkullet 2019-20 var at Anne Jakobsen hadde ei kunstgruppe med seks konfirmantar. Dei pynta kyrkja med lyskunst til lysmessa i 2019.

Vi hadde 8 heimegrupper dette året, men dei kunne berre ha to samlingar, pga. nedstengninga.

For å halde smittevernreglene, blei det gjennomført 9 konfirmasjonsgudstenester.




Konfirmantgudsteneste



Konfirmantleir i januar - før dei strenge tiltaka vart iverksett

Fasteaksjonen

Fasteaksjonen var planlagt som dør-til-dør-aksjon den 29.03. Pga. koronarestriksjonane blei det ein heildigital innsamlingsaksjon i staden som fekk inn kr. 72 699,-. Det er kr. 721,- mindre enn 2019-resultatet, og det er vi svært godt nøgd med. Dette gjer at vi vil satse meir på digital innsamling i tida som kjem. Vi har gjennom fleire år jobba for å engasjera større delar av kyrkjelyden til aksjonen, og dette blei krevjande med omlegginga til digital aksjon to veker før aksjonsdagen. Aksjonskomiteen som planlegg aksjonen består av Kristin Mestad, sokneprest og diakon.



Løvegjengen

Søndagsskulen Løvegjengen har i 2020 hatt 11 samlingar fysisk, i tillegg har det vore 3 eigne løvegjenggudstenester, det har også vore 6 digitale sendingar, påskesprell og påskequiz.

Oppmøte på samlingane har gått ned grunna at ein ofte har hatt løvegjengen når det ikkje er dåp og mange samlingar er avlyst.



Påskesprell ved papegøyen frå Kongebarna (Norkirken), Løva, ein hotdog, ein buekorpsgut og ein trekkspejar , var eit populært innslag i fleire byggefelt på Frekhaug.

Løvegjengen har gode frivillige leiarar som betyr mykje for borna, men vi treng at fleire er med. Det vart med nokre nye leiarar denne våren. Ein stor innsats har blitt gjort med å få nye løvehola (brakkane) klare til bruk. Det at frivillige legg ned så mykje arbeid og tid viser stort engasjement for borna i kyrkjelyden.

Babysong/småbornstreff

Det har vore godt oppmøte på babysang og småbornstreff dette året òg. Vi hadde ein pause frå mars til over sommeren. Då starta vi igjen, med to samlingar i veka. På desse samlingane var det påmelding, med maks ti vaksne, pluss barn. Det har vore fullt på dei fleste samlingane. Vi måtte ta ein ny pause i slutten av oktober, og ut året.

Helga Stokke er fortsatt med som medhjelpar, og til stor hjelp.

HipHop-kurs for barn

Vi starta året med tre ulike hiphop-grupper, og ei fin framvisning på Meland aktiv i januar. Siren Godø, Karianne Rødland og Magdalena Lavik har vore instruktørar for gruppene. Gruppene måtte ta ein pause i mars, og har dessverre ikkje blitt starta opp igjen, av ulike årsaker.

Onsdagsklubben

Ein utesøndagsskule som møtast annakvar onsdag i Mjåtveitmarka leia av Øystein Aamli og Ruben Sæle. Nils Arne Lavik frå Frekhaug indremisjon er ei god støtte for leiargruppa. I 2020 var det fem samlingar, alle på hausten, og det var om lag 30 barn innom. Marianne Myking måtte trekkje seg frå leiargruppa i løpet av sommaren. Onsdagsklubben er tilslutta Søndagsskolen Norge.



Frå Onsdagsklubben med diakon og leiar Ruben Sæle

Yngres



Glade jenter på Yngres

Meland kyrkje og Frekhaug indremisjon samarbeider om tiltaket Yngres på Frekhaug bedehus. Samlingane har vore annakvar fredag og er for barn frå 5. til 7. klasse. Det var godt oppmøte i starten av året, men Yngres måtte som alt anna stenge i mars, og starta opp igjen på hausten. Då var det berre 7. klassingane det var åpent for, for å halde antalet nede. Yngres treng fleire leiarar, og ny hovudleiar, sidan Kari Erikstein gir seg som hovudleiar til sommaren 2021 etter mange år.

Tenklubben

Det kom få eller ingen på dei to første samlingane med Tenklubben i 2020. Det blei då avgjort at ein vil gå for ein informasjonsoffensiv etter vinterferien

(veke 9). Første samling skulle då vere 14. mars. Pga koronanedstenginga blei det ikkje Tenklubb før 06.06., som skulle vere sommaravslutninga. Då kom det ganske mange ungdomar (ca 20), og det blei sett opp ei ekstra samling den 20.06. Då kom det omtrent like mange.

Etter sommarferien hadde vi ope ein gong. Det var også då godt besøkt, men vi måtte stenge pga koronarestriksjonar.

Leiarar: Pastor Nils Fredrik Rifsgård, diakon Ruben Sæle, Trygve Bjørdal, Elisabeth Langeland og Håkon Kinsarvik.

Leiartrening og Halloween for ungdom

Hausten 2020 kom ein igang med leiartrening for ungdom over konfirmantaldar. 5 ungdommar har vore aktivt med. I oktober vart det arrangert Halloweenfeiring for ungdom i kyrkja for første gong. 10 var påmeldt, men det var litt sjukdomsforfall og 7 deltok. Begge tiltaka ønskjer ein å halde fram med i 2021.

Diakoni

Open Møteplass

Open Møteplass hadde ope tre dagar i veka fom. 06.01-12.03 då vi måtte stenge pga. koronarestriksjonar. Frå 17.06-04.11 var det ope kvar onsdag. Det var også ein juleavslutning den 16.12. Til saman var det ope 52 gonger, og det var mellom 3 og 15 besøkjarar på kvar samling. Leiarar var Astrid Anne Fjeldstad, Åshild Bjørkum Furukawa og Solbjørg Åmdal Sandvik, og tillegg var diakonen og 14 andre frivillige med. Dette har vore eit svært viktig tiltak for besøkjarane i koronatida.

Rosetenesta

Rosetenesta gjev ei blomehelsing til dei som fyller 80, 85, 90 år og oppover. Hilda Austegard er leiar, i tillegg til henne har 20 frivillige delt ut roser. Det har blitt delt ut 90 roser. Tenesta har for få medarbeidarar i Frekhaugområdet.

Språkkafé

Språkkafeen består av norskundervisning i starten, og sosial kafé etterpå. Den var open kvar måndag til og med 2. mars (bortsett frå vinterferien), og blei deretter stengt grunna koronasituasjonen. Tal på deltakarar har variert mellom 5 og 12 personar. Det blei vurdert å starte oppatt på hausten, men ein fann ikkje ein trygg måte å gjere dette på mtp. smittevern.

Brit Torunn Hitland er leiar, og andre medarbeidarar er Aud Flatøy, Rolf Sandstad, Ingunn Myrliid, Kristin og Atle Austegard, Berit Dale og Helge Hitland.

Besøkstenesta

Meland kyrkjelyd har ei besøksteneste i samarbeid med Nordhordland Røde kors. Diakonen bidreg med å koordinere besøksvenner og menneske som ønskjer besøk i soknet. Det er 14 frivillige involvert.

Turgruppa

Diakonen har ei turgruppe for unge menn omlag annakvar fredag.



Besøkstenesta med aktivitet på sjukeheimen

Musikklivet i kyrkjelyden



Rossland skulekorp i aksjon på julekonsert på nett

Dette året har vi hovudsakleg jobba med alternative løysingar når det gjeld gudstenester og konsertar. Nettgudstenester og musikandaktar har blitt produsert både innan- og utandørs.

Felix Vocalis hadde øvingar så lenge det var tillate. Men «Syng jula inn» vart avlyst dette året.

Kulturlivets julekonsert vart filma og sendt på nett. Merksemda dette fekk tyder på at tiltaket vart sett pris på.



Tekst i årsmeldinga: Kyrkjestaben og soknerådsleiar.

Foto: Regine Sagstad Berg, Arve Kjell Uthaug, Solveig Westermoen, Anne Sofie Uthaug